

Statens vegvesen

Notat 30880-GEOL-2

Til:

Drift og V2
v/ Geir Ove Engebø

Fra:

Geofag Drift og vedlikehold
v/Marianne Kj. Sundal

Sakshandsamar/innvalsnr:

Marianne Kj. Sundal +4748041119

Kopi:

Viggo Aronsen

Oppdrag:	Rv. 55 Ylvisåker – vurdering av tiltak etter skred på veg		Dok. nr.		30880-GEOL-2
Oppdragsgiver:	Statens vegvesen, Drift V2 v/ Geir Ove Engebø		Dato:		23.04.2020
Planfase:	Drift	Arkivkode	-		
Kommune:	4640 Sogndal	Vegnr.:	Rv. 55	HP: 6	m: 8050
UTM 33 ref.:	Ø_____ N_____		EUREF 89		Geoteknisk kategori: -
Utarbeidet av:	Marianne Kj. Sundal	Sign.:			
Kontrollert av:	Jens Tveit	Sign.:			

RV. 55 YLVISÅKER – VURDERING AV TILTAK ETTER STEINSKRED PÅ VEG

Samandrag

Rundt 15:35 torsdag 16.04.2020 fekk VTS meldt inn eit steinskred på veg ved Ylvisåker. Skredet har kome frå fjellpartiet over, og har stengt vegen heilt for passasje, sjå bilete 2 og 6. Det var viktig å raskt få gjennomført synfaring og få tatt ei avgjersle på vidare arbeid. Vegen har ein ÅDT på 2850 [1], Etter ei runde i helikopter, samt samtale med byggjeleiar vart det bestemt at ein kunne starte opprydding av veg deretter opne fortløpande.

Bakgrunn

På oppdrag frå Drift V2 v/Geir Ove Engebø er det utført ein synfaring med helikopter etter ras som gjekk på veg.

Synfaringa vart utført 16.04.2020 av geolog Jens Tveit og Marianne Kj. Sundal, samt byggjeleiar Geir Ove Engebø og Mesta fjellsikring. Som nemnt ovanfor vart synfaringa gjennomført frå helikopter.

Synfaringsobservasjonar

Det har kome ned ca. 40 m³ stein fordelt i ur, 15 meter av Rv.55 samt ein privat veg nedafor. Skredet har losna frå eit fjellparti rundt 250 moh (figur 3), Rv.55 ligg på 10 moh. Det føreligg skredsikringsforslag frå 2018 [2] ved Martin Venås på bestilling av gamle vegseksjonen Sogn, SVV. Det viser seg at planlagt fanggjerd ikkje ville fanga opp dette steinskredet, då fanggjerdet er planlagt å avsluttast rett før det nyaste utløpsområdet.

Stabilitetsvurdering

Losneområdet vart vurdert som reint. Det som var kome nedover ura, og låg att i skredbana såg vi ann som stabilt. Det vart gitt klarsignal til å starte opprydding for deretter å opne vegen. Vegen har tidlegare vore stengt heilt eller delvis på grunn av skred, oftast steinsprang, men det er også registrert jordskred og isskred på vegen på strekket, så det er likevel fare for skred frå andre losneområde.

Sikringstiltak

Som nemnt ovanfor er det utarbeidd forslag til sikringstiltak på strekket [2]. Det omfattar eit fanggjerd på 630 m lengde, 6 m høgde og med ein styrke på 3000 kJ. Då det ikkje ville ha fanga opp dagens steinskred er det viktig at gjerdet vert forlenga tilstrekkeleg til å dekkje nedfallsområdet til vegen. Det vil verte behov for omtrent 70 meter ekstra lengde på fanggjerdet mot Ylvisåker.

Referanser

1: Statens vegvesen (2018): NVDB

2: Statens vegvesen (2018): 30682-GEOL-01 Forslag til skredsikring Ylvisåker – Ølmheim. Martin Venås

Vedlegg 1 – kart



Figur 1: Punktet steinskredet traff vegen er ringa rundt på oversiktskartet.



Figur 2 : Skade på autovern, veg og krasa skilt.


Vedlegg 2 – foto

16.04.2020



Figur 3: Antatt losneområde som forårsaka steinskredet 16.04.20. Losneområdet ligg på ca. 250 moh.

06.04.2016



Figur 4: Før. Bilete tatt i 2016.



Figur 5: Skredbane fra steinskredet.



Figur 6: Delar av skredet gjekk ned på privat veg.

